

HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar

Møtestad: Kommunehuset Smia, Kommunehuset Smia, Grodås


Dato: 20.04.2017

Tid: 13:00

Medlemmar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



HORNINDAL

VOLDA KOMMUNE



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 12/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 13/17	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte
PS 14/17	Frikjøp av tillitsvalte
PS 15/17	Budsjett arbeidsgruppa for nytt kommunenamn og heraldikk
PS 16/17	Orienteringssaker
OS 4/17	Breiband/fiber Volda – Grodås
OS 5/17	Status arbeidet i nemnda for kommunenamn og heraldikk
OS 6/17	Informasjon om arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene
OS 7/17	Informasjon om møte med Kyrkja og renovasjonsselskapen
OS 8/17	Planlegging av ressursar/kapasitet på kritiske område i prosjektet
OS 9/17	Vidaregåande skuletilbod
OS 10/17	Gjennomgang av førebuingar i samband med § 25 i inndelingslova

PS 12/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 13/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Berit Lyngstad	Arkivsak nr.:	2017/618
		Arkivkode:	465

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	20.04.2017

FRIKJØP AV TILLITSVALTE

Administrasjonen si tilråding:

1. Etter drøftingar med dei tillitsvalte godkjenner kommunane Hornindal og Volda frikjøp av tillitsvalte grunna meir arbeid knytt til kommunenesamslåinga.
2. Det vert gjeve likt frikjøp til dei 4 organisasjonane som vert representert i Partssamansett utval (PSU).
3. Frikjøpet vert fastsett til 15 % til kvar av organisasjonane i kvar av dei to kommunane – til saman 60 %.
4. Frikjøpet skal dekkjast av dei midlane førebels fellesnemnd har til disposisjon.
5. Frikjøpet gjeld frå 20. april 2017 og skal vurderast på nytt når endeleg Fellesnemnd og prosjektleiar er formelt på plass.
6. Ein føreset at prosjektleiar syt for å kalle inn og gjennomføre felles drøftingar så snart som råd etter at denne har formelt tiltrådt.
7. Vedtaket går vidare til endeleg godkjenning i kommunestyra i Hornindal og Volda.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saksopplysningar/fakta:

Delta og Utdanningsforbundet i Hornindal og Fagforbundet og Utdanningsforbundet i Volda har i felles kontaktmøte og i møter i administrativ styringsgruppe tatt til orde for å drøfte eventuell auka frikjøp for dei hovudtillitsvalte (HTV) som har fått ei særskilt rolle i samanslåingsprosessen.

Hovudavtala

Hovudavtala § 3-3-j gjev følgande foringar: «*I forbindelse med større omstillingar/prosjekter skal behovet for ytterligere frikjøp av tillitsvalggressurs drøftes..»*

I rundskriv B/7-2014 er innhaldet over presisert: «*Arbeidet med samhandlingsreformen, kommunestruktur, ulike former for interkommunalt samarbeid og etablering av samkommuner er eksempler på omstillingsområder der vurdering av frikjøp i henhold til § 3-3-j kan være aktuelt..»*

Personalsjef i Hornindal og personalsjef i Volda har hatt drøftingsmøte med høvesvis Delta, Fagforbundet og Utdanningsforbundet i dei to kommunane. Det har ikkje vore mandat til å ha felles drøftingsmøte.

Kostnadar

Dei ekstra kostnadene må i første omgang dekkjast av mellombels Fellesnemnd sitt eige budsjett (jfj statlet tilskot til kommunesamanslåing). I Hornindal er det ikkje frikjøp frå før, så der er det teke utgangspunkt i løn til HTV som skal erstattas med vikar når dei er vekke. I Volda er Fagforbundet sin HTV frikjøpt i 100 %, mens Utdanningsforbundet sin HTV er frikjøpt i 60 %. Ekstra frikjøp er rekna ut frå deira lønskostnadars, men det kan vere andre tillitsvalte som vil få meir frikjøpt tid til å følgje opp medlemmane i dei to forbunda. Dette kan bety at kostnadane i Volda vil bli mindre en stipulert her. Årskostnadane inkludert sosiale utgifter kjem på kr.

189 138,- for Hornindal kommune og kr. 2016 210,- for Volda kommune. Om ein ser føre seg at prosjektleiar er på plass til hausten og reknar 5 månader til neste forhandling tek stad, vil kostnadene for Hornindal utgjere kr 78 807,- og for Volda kr. 85 921,-.

Omfang

Frikjøpet gjeld dei fire hovudtillitsvalte som skal sitte i Partssamansett utval (PSU) og som på den måten representera alle tillitsvalte/tilsette, og ikkje berre sine eigne medlemmar. Sjølv om PSU formelt ikkje er oppretta og har starta aktivitet, har desse fire allereie delteke på fleire KS-seminar om samanslåing, bruk tid på å sette seg inn i saker, og delteke på andre møter som einaste tilsettrepresentant.

Når endeleg Fellesnemnd og prosjektleiar/rådmann er på plass, vil det vere vidare aktivitet i Fellesnemnd og PSU som sei noko om aktivitetsnivået. Ein må også sjå på om KS si seminarrekke held fram, og om der kjem til nye aktivitetar og møteplassar det er naturleg at dei tillitsvalte deltek på.

Den breie deltakinga i sektorvise arbeidsgrupper, der fleire tillitsvalte vil delta, er ikkje ein del av desse drøftingane.

Konsekvensar for samfunnsdelen:

Bidrar til målet om kommunane Hornindal og Volda som helsefremjande arbeidsplassar ved at tilsette blir hørt, sett og får medverke

Helse og miljøkonsekvensar

Ingen kjende

Økonomiske konsekvensar:

Frikjøp tillitsvalte i Hornindal:

Årleg kostnad kr. 189 138,-

Kostnad 20. april – 20. september kr. 78 807,-

Frikjøp tillitsvalte i Volda: årleg kostnad kr.

Årleg kostnad kr. 206 210,-

Kostnad 20. april – 20. september kr. 85 921,-

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Vurdering og konklusjon:

Dei tillitsvalte som skal sitte i Partssamansett utval gjer ein stor og viktig jobb for alle tilsette.

Dei er samtidig ein viktig medspelar og ressurs for arbeidsgjevar i utforming av ny kommune.

Det er rimeleg at dei får tid til å gjere denne jobben, jamvel innafor økonomisk ansvarlege rammer. Rådmannen i Hornindal og rådmannen i Volda tilrår 15 % frikjøp for dei fire representantane frå høvesvis Delta og Utdanningsforbundet i Hornindal og Fagforbundet og Utdanningsforbundet i Volda.

Utskrift av endeleg vedtak:

Saka går vidare til kommunestyra for handsaming



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Ann Kristin LangelandArkivsak nr.: 2017/516
Arkivkode: 000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	20.04.2017

BUDSJETT ARBEIDSGRUPPA FOR NYTT KOMMUNENAMN OG HERALDIKK

Administrasjonen si tilråding:

1. *Midlertidig fellesnemnd godkjenner budsjettframlegg fra temakomite for namneforslag og heraldikk, og set av inntil kr. 300.000,- til arbeidet med nytt kommunenavn og heraldisk profil.*
2. *Inkludert i dette er arbeidet og kostnadane omtala som fase 1 og fase 2 i budsjettframlegget.*
3. *Midlane vert løyvt fra midlertidig fellesnemnd sitt budsjett.*

Vedleggsliste:

Budsjettframlegg frå arbeidsgruppa

Saksopplysningar/fakta:

Midlertidig fellesnemnd gjorde i møte den 09.03.17 vedtak om å opprette ein temakomite som skal legge fram framlegg til kommunenamn og heraldisk profil for den nye kommunen:

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 09.03.2017

1. ***«Førebels fellesnemnd oppnemner følgjande medlemmar i temakomite for nytt kommunenavn og heraldisk profil:***

Leiar: Jon Tvinnereim.***Medlemmar: Kari Hasle, Odd A. Folkestad, Rolf Taraldset og Siv Madeleine Kristensen***

1. ***Komiteen skal legge fram framlegg til nytt kommunenavn for den førebelse fellesnemnda innan 1. juni 2017.***
2. ***Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 15. oktober 2017.***

3. *Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei innvolvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.*
4. *Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen».*

Temakomiteen har allereie starta arbeidet, under leiing av Jon Tvinneireim. Frå komiteen har ein fått tilsendt budsjettframlegg med ei samla kostnadsramme på kr. 300.000,- I budsjettframlegget har komiteen lagt følgjande til grunn:

Godtgjersle:

Vi viser til berekningsgrunnlaget nemnt framfor og
reknar at samla godtgjersler etter dette kan bli omlag Kr. 100.000
(om lag 12 møter – leiargodtgjersle – sekretærgodtgjersle)

Diverse Annonsering/Reise/Premiering:

Medan det er rimeleg greit å kunne berekne eit nokonlunde sikkert forslag på kor mykje samla godtgjersler det bør budsjeterast med, er det vanskelegare her. Men basert på dei lysingsprisar vi kjenner til, vil vi foreslå at det vert sett av inntil kr. 200.000,- til dette føremålet.

Kr. 200.000

Samla beløp å budsjettere med for NH-nemnda

Kr. 300.000

Vurdering og konklusjon:

Godtgjersle:

I følgje temakomiteen legg dei godtgjerslereglementet for Volda kommune til grunn.

Når det gjeld godtgjersle skriv temakomiteen følgjande:

«Møtegodtgjersle:

Det vert utbetalat møtegodtgjersle i NH tilsvarende som godtgjersle pr. møte i formannskapet – for tida kr. 1.070,- pr. møte.

Godtgjersle som leiar av nemnda:

Utanom møtegodtgjersle får leiaren av NH ei ekstra leiargodtgjersle tilsvarende som leiarane i hovedutvala – for tida kr. 1.520,- pr. mnd.

Sekretærgodtgjersle:

Leiaren i NH skal og utføre jobben som sekretær i NH. For dette skal det utbetalast timesgodtgjersle, - leiaren fører timeliste. Godtgjersle pr. time for sekretærarbeidet vert sett til kr. 190,-.».

Då førebels fellesnemnd vart oppretta i oktober 2016 vart det vedteke at møtegodtgjersla for nemnda er i samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet. Om dette prinsippet også skal gjelde arbeidsgrupper og komitear oppnemnt av fellesnemnda vert eit prinsipielt spørsmål som fellesnemnda må ta stilling til. Det er politikarane sjølve som fastset godtgjerslereglementet for politiske råd og utval. Når det gjeld godtgjersle til sekretær, så var

det i vedtak i fellesnemnda tenkt slik at rådmennene skulle peike ut sekretær for komiteen. Både Hornindal og Volda kommune har vanskar med å frigje ressursar til dette arbeidet, og ein synes difor det er ei god løysing at leiar av komiteen også går inn som sekretær. Ei timeløn på kr. 190,- er i så måte ikkje urimeleg.

I følgje budsjettframleggset er det lagt opp til om lag 12 møter i komiteen, ein tillit seg å stille spørsmål til om det er behov for så mange møter i komiteen. Sidan budsjettframleggset legg opp til eit budsjetttramme der det vert stilt til rådvelde inntil 100.000,- til godtgjersle, har ein tillit til at komiteen sjølv gjer vurderingar undervegs knytt til møtefrekvens. Det som skal understreka er at arbeidet denne komiteen er sett til å gjere, er eit viktig arbeid, som krev ei grundig tilnærming og gjennomføring.

Diverse Annonsering/Reise/Premiering:

I følgje budsjettframleggset frå komiteen legg dei opp til to hovedfasar i arbeidet. Dei skriv:

«Arbeidet i nemnda vil bli delt i to hovedfasar:

- *Fase 1 – Fremme forslag til namn for den nye kommunen – dette skal gjerast innan 15. mai 2017*
- *Fase 2 – Fremme forslag til kommunevåpen – dette skal gjerast innan medio oktober månad 2017.*

I begge desse fasane vil det vere trong om å gå ut til innbyggjarane via diverse media – først og fremst aviser som Sunnmørsposten, Fjordingen, Møre – samt eventuelt nokre gonger også Møre-Nytt og Fjordabladet.

I samband med fase 2 – «heraldikk/kommunevåpen/ordførarkjede/kommuneflagg» vil det bli gjennomført ein open konkurranse med premiering – vinnarpremie

t.d. kr. 10.000,-. – Det kan og verte aktuelt med kortare reiser (fase 2), og det er sett av inntil kr. 25.000,- til dette føremålet»

Temakomiteen bed om at det vert sett av inntil kr. 200.000,- til arbeidet i Fase 1 og Fase 2. Det er vanskeleg å gjere vurdering knytt til dette, men det synes klart at annonseutgifter vil vere den største kostnadsdrivaren i Fase 2. Beløpet er likevel høg, men også her har ein tillit til at komiteen gjer vurderingar undervegs i høve til utgiftssida. I tillegg til utgiftene til sjølve komitearbeidet, kjem kostnadar til sjølve utforming/produksjon av ordførarkjede og grafisk profil.

Konklusjon:

Med bakgrunn av dei vurderingar som er gjort i høve kostnadsnivået, finn ein å tilrå at budsjettframleggset frå temakomiteen for namneforslag og heraldikk vert godkjent slik det ligg føre.

Ann Kristin Langeland
Rådmann Hornindal kommune

Utskrift av endeleg vedtak:
Saka går vidare til kommunestyra for handsaming

Budsjettforslag - Temakomité for namneforslag og heraldikk (NH)

Generelt om godtgjersler:

Forslag til storleik på godtgjersler er tufta på gjeldande reglement for samanliknbare godtgjersler i Volda kommune.

- Møtegodtgjersle:
 - Det vert utbetalt møtegodtgjersle i NH tilsvarande som godtgjersle pr. møte i formannskapet – for tida kr. 1.070,- pr. møte.
- Godtgjersle som leiar av nemnda:
 - Utanom møtegodtgjersle får leiaren av NH ei ekstra leiargodtgjersle tilsvarande som leiarane i hovedutvala – for tida kr. 1.520,- pr. mnd.
- Sekretærgodtgjersle:
 - Leiaren i NH skal og utføre jobben som sekretær i NH. For dette skal det utbetalast timesgodtgjersle, - leiaren fører timeliste. Godtgjersle pr. time for sekretærarbeidet vert sett til kr. 190,-.

Diverse annonsering:

Arbeidet i nemnda vil bli delt i to hovedfasar:

- Fase 1 – Fremme forslag til namn for den nye kommunen – dette skal gjerast innan 15. mai 2017
- Fase 2 – Fremme forslag til kommunevåpen – dette skal gjerast innan medio oktober månad 2017.

I begge desse fasane vil det vere trøng om å gå ut til innbyggjarane via diverse media – først og fremst aviser som Sunnmørsposten, Fjordingen, Møre – samt eventuelt nokre gonger også Møre-Nytt og Fjordabladet.

I samband med fase 2 –

«heraldikk/kommunevåpen/ordførarkjede/kommuneflagg» vil det bli gjennomført ein open konkurranse med premierung – vinnarpremie

t.d. kr. 10.000,-. – Det kan og verte aktuelt med kortare reiser (fase 2), og det er sett av inntil kr. 25.000,- til dette føremålet.

Budsjettforslag – Temakomité for NH:

Godtgjersler:

Vi viser til berekningsgrunnlaget nemnt framanfor og reknar at samla godtgjersler etter dette kan bli omlag **kr. 100.000** (om lag 12 møter – leiargodtgjersle – sekretærgodtgjersle)

Diverse Annonsering/Reise/Premiering:

Medan det er rimeleg greit å kunne berekne eit nokonlunde sikkert forslag på kor mykje samla godtgjersler det bør budsjeterast med, er det vanskelegare her. Men basert på dei lysingsprisar vi kjenner til, vil vi foreslå at det vert sett av inntil kr. 200.000,- til dette føremålet.

« 200.000

Samla beløp å budsjettere med for NH-nemnda

kr. 300.000

Budsjettforslaget vert å handsame i nemnda

sitt møte 03.04.2017.

PS 16/17 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 4/17 Breiband/fiber Volda - Grodås



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard/Edvin Løfoll	Arkivsak nr.:	2017/452
		Arkivkode:	N64

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	18.04.2017
	Kommunestyret	
4/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	20.04.2017

BREIBAND/FIBER VOLDA - GRODÅS

Administrasjonen si tilråding:

- Kommunestyret godkjenner at det vert søkt om statlege midlar over NKOM-ordninga for å leggje til rette for utbygging av høghastigheitsnett for husstandar på strekninga Grodås – Volda.**
- Kommunestyret ber administrasjonen også søkje på infrastrukturmidlar for kommunar som slår seg saman med sikte på å etablere fiber/breiband mellom kommunehuset i Hornindal og Volda rådhus.**
- Kommunestyret ser begge ordningane under punkt 1 og 2 i samanheng for å få til tilfredsstillande løysing for etablering av fiber/breiband mellom administrasjonsbygga i ny kommune, og er innforstått med at dei statlege tilskotsordningane føreset communal eigenfinansiering. Val av endeleg løysing og dekningsmåte vert å kome attende til når alle forhold er avklart (storleik på kostnad, tilskot mv)**

Vedlegg/link (NKOM-orninga)

<http://www.nkom.no/teknisk/bredb%C3%A5nd/utbygging/nasjonal-st%C3%B8nad-til-breibandutbygging>

Samandrag av saka:

Det må etablerast breibandssamband mellom kommunehuset på Grodås og Volda rådhus før kommunane vert samanslått til ny kommune i 2020. Det vert søkt om statlege midlar over dei såkalla NKOM-midlane og over ramma for infrastrukturtiltak i samband med

kommunesamanslåing. NKOM er ei ordning der ein legg til rette for breiband til samfunnet samtidig som ein kan dekkje kommunane sine eigne behov. Langs strekninga Grodås – Volda handlar dette om husstandar langs trasseen ny E39. Utbygging her har ikkje vurdert som forretningsmessig lønsamt for aktørane i marknaden. Dersom kommunen får statleg tilskot der alle aktørar kjem betre ut enn ved leige, så kan ein samtidig leggje til rette med avtappingspunkt for privat utbygging av spreienett til omlag 170 husstandar. Trasèen gjer det mogeleg å knyte saman fleire kommunale bygg i eige ekom-nett. Dette vil løyse behovet for bandbreidde (hastigkeit) i framtida, samt redusere kostnader for intern kommunikasjon.

Saksopplysningar/fakta:

Volda og Hornindal kommunar har gjort vedtak om å slå seg saman. Det vil vere naudsynt å opprette høghastigkeit breiband (fiber) mellom kommunane for å kunne nytte eksisterande og framtidige IT løysingar. Trasèen som er tenkt nytta er ny E39 mellom Volda sentrum og Grodås i Hornindal. Langs denne vegen er det fleire stadar svært dårleg brebandsdekning, jamfør eksisterande dekningskart utarbeida av NKOM. Denne nye trasèen er tenkt å legge til rette for FTH-nett (fiber til heimen) til mange lokalsamfunn langs vegen og dekkje behovet for framtidsretta ekom-nett til private. Den totale strekninga er om lag 38km. Vidare vil dette nettet gjere det mogeleg med vesentleg betre internt samband mellom kommunale bygg (t.d rådhuset i Volda – Myrtun).

Det er i utgangspunktet 2 statlege tilskotsordningar som er aktuelle å søkje om midlar frå. Dette er NKOM (nasjonal kommunikasjons mynde) si årlege tildeling, og regjeringa si ordning for stønad til infrastruktur for kommunar som slår seg saman. Uansett om ein lukkast eller ikkje i slike søknader, vil stønaden dekkje berre delar av kostnaden for denne utbygginga. Det er difor nødvendig at kommunen legg til grunn ei eigenfinansiering i kombinasjon med statleg stønad og andre statlege samarbeidspartar. Dette vil gje ein meir langsiktig tryggleik, vere føreseieleg og gje kommunen lågare kostnader over tid. Den totale økonomien vert å vurdere når ein får svar på dei statlege søknadene, der ein ut frå utrekning av årlege kostnader må ta endeleg avgjerd mellom eiga utbygging og leige av fiberkapasitet frå private leverandørar.

Kommunen er og skal vere, «elektronisk» i sakshandsaming og tenesteyting til innbyggjarane. Då er ein avhengig av at kommunen har tilgang til kapasitet og evnar å nytte både dagens og morgondagens IT løysingar. Denne utbygginga vil gjere kommunen i stand til å møte framtida på ein god måte, samt at det legg til rette for kommersielle aktørar å bygge ut delar av bygdene som ligg langs føringsvegen (FTH). Utan ei slik utbygging, vil truleg ikkje dette siste vere mogleg dei nærmaste åra.

Det er også mogeleg å redusere kostnader for slik utbygging ved å samarbeide med andre. Det kan vere Statens vegvesen (SVV), Mørenett AS, lokale, men og nasjonale marknadsstyrte brebands utbyggjarar. Det som avteiknar seg så langt, er at samarbeid med marknadsstyrte utbyggjarar, vil kunne redusere kommunen sin handlefridom ved for sterkt knyting og lite føreseieleg eigarskap. Noverande og framtidige kostnader vert truleg høgare enn ved å bygge sjølv. Det er difor naudsynt/tenleg at kommunen legg til grunn ei eigenfinansiering i kombinasjon med statleg stønad og evt andre statlege samarbeidspartar. Dette vil gje ein meir langsiktig tryggleik, vere føreseieleg og gje kommunen lågare kostnader over tid.

Etter å ha undersøkt litt ulike mogelegheiter, ser det vanskeleg ut å samarbeide med kommersielle aktørar. Dette fordi kostnadene for kjøp av kapasitet er høg, og kostnader ved kjøp av ekom kanalar er om mogeleg endå høgare. Det er relativt liten konkurranse i vår marknad (som dekkjer aktuell strekning og område) og prisane er truleg farga av det.

Det kan vere mogeleg å få til samband via Vanylven og Nordfjord-kommunane sin fiber. Dette vil ogs føre til leigekostnader, samt at det vil vere sårbart med tanke på utfall. Trasèen som vi tenkjer no, vil kunne gje redundant løysing (to-sidig innmating) og vil truleg vere interessant for Nordfjord-kommunane som alternativt samband. Det er vanleg i bransjen å swoppe (byte seg i mellom), men Volda kommune har lite eller ingenting å gje i swopp per i dag.

Helse og miljøkonsekvensar:

Eit slikt samband internt i kommunen vil saman med SSIKT-samarbeidet, gje framtidsretta løysing også for helse sektoren. Det vil vere lite (les ingen) avgrensing i bandbreidd (hastigkeit), og ved å eige ekom-nettet legg det grunnlag for større tryggleik i kommunikasjonen.

Å nytte eksisterande infrastruktur, reduserer miljøkonsekvensane monaleg. Det er per i dag usikkert kor enkelt dette let seg gjere, men mogelegheitene er til stades.

Økonomiske konsekvensar:

Som omtala i saksopplysninga og fakta, ser det mest tenleg ut at kommunen (evt i samarbeid med anna kommunal/statleg aktør) sjølv står som eigar av dette ekom-sambandet. Fleire av kommunene på Sunnmøre har gjennomført denne modellen tidlegare og i desse dagar held SSIKT (Søre Sunnmøre interkommunale IKT-samarbeid) på å knyte saman nokre samband der kommunane manglar eigen infrastruktur.

Leige av kapasitet vil koste kommunen dyrt over tid. I dag er det truleg berre Telenor som kan tilby dette. I skrivande stund har vi ikkje full oversikt over kostnader for slik leige, men baserer påstanden på erfaringstal. Vidare er det mogeleg å kjøpe seg inn i Statnett sin fiber på 440kV linja (monsterlinja) som går på tvers av den aktuelle trasèen. Dette vil og vere kostbart, da vi i tillegg må bygge eige nett for å nå tak i denne trasèen, samt leige med andre for å kome mellom senter i Volda og Grodås.

Å bygge dette sambandet i eigen regi langs E39 med alle kostnader medteke, vil truleg kome på om lag kr 8,5 – 10,5 mill i total kostnad. Dette baserer seg på meterpris på kring kr 260,- /meter og er relevant i denne samanheng. Dersom det er mogeleg å samarbeide med eigar av infrastruktur (for eksempel SVV), vil ein kunne redusere kostnader monaleg, truleg halvera byggekostnaden. Det vert jobba med å få til slikt samarbeid, men det er ikkje avklara enno.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Det vert vurdert som mindre endringar i høve beredskap. Det å få mogeleg redundant løysing via Nordfjord kommunane, kan vere eit positivt bidrag.

Vurdering og konklusjon:

Det er nødvendig å finne løysing på høghastigheitskommunikasjon mellom Grodås og Volda til kommunane skal samanslåast og verte ein ny kommune. Rådmannen meiner at Hornindal og Volda kommune saman bør nytte dei ordningane som gir god og gjennomførbar løysing. Eksisterande ordningar som skissert i saksutgreiinga bør kombinerast. NKOM-ordninga er retta mot utbygging for å gi tilbod til husstandane, og der dette samtidig kan gi nytte for kommunen si verksemrd. Staten sine infrastrukturmidlar til kommunesamanslåing kan nyttast for å etablere betre infrastruktur i den nye kommunen, og da som til dømes breiband/fiber.

Hornindal og Volda bør som ledd i kommunesamanslåingsprosessen arbeide strategisk med korleis ein skal få til god dekning av breiband/høghastigheitsnett for innbyggjarane i heile den nye kommunen. Dette vert viktig infrastruktur for innbyggjarane, og for at kommunen skal kunne yte framtidsretta tenester for innbyggjarane.

Rådmannen vil rá til at Volda kommune i samarbeid med Hornindal kommune søker om midlar over begge ordningane. Kva løysing som endeleg vert valt for høghastigheitsnett mellom Grodås og Volda vert å avgjere når vi får svar på søknadene, samt ut frå ei vurdering av kva som er mest tenleg ut frå den samla økonomien.

Ved eiga utbygging må kommunen vere budd på å setje av eigenandel. Dette bør også drøftast med fellesnemnda for den nye kommunen, og om ev heile eller delar av dette skal dekkjast av eingongstilskotet til ny kommune ettersom dette er grunnleggjande infrastruktur for å kunne få den nye kommunen opp og gå elektronisk.

Rune Sjurgard
Rådmann

Edvin Løfoll

Utskrift av endeleg vedtak:

Edvin Løfoll for utarbeiding av søknad
Hornindal kommune
SSIKT v/ Guttorm Rimstad
Teknisk sjef, her
IKT, her
Økonomiavdelinga, her
Ass rådmann, her

OS 5/17 Status arbeidet i nemnda for kommunenamn og heraldikk

OS 6/17 Informasjon om arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene

OS 7/17 Informasjon om møte med Kyrkja og renovasjonselskapet

OS 8/17 Planlegging av ressursar/kapasitet på kritiske område i prosjektet

OS 9/17 Vidaregåande skuletilbod

OS 10/17 Gjennomgang av førebuingar i samband med § 25 i inndelingslova